



Møteprotokoll Soknerådsmøte

*Innkalla: Turid Engen, Lidvar Arne Grimstad(1. vara),
Gunmar Grimstad, Bjørg Vartdal Hareide, Wenche Iren
Roppen, Kjersti Røyset Topphol, André Gjerde (2. vara),
Leidulv Ø. Grimstad (sokneprest), Barbro Landmark (fung.
kyrkjeverje), Jan Erik Hovland (kyrkjeverje). Hege Tretnes kom midt i møtet*

*Tysdag 12. sep. 2017
kl. 18:00-19:30
kyrkjekontoret*

Forfall: Lars Sellereite, Elisabeth Myrene

Opning ved Wenche Iren Roppen.

Saksliste

- SR 17/17 Godkjenning av innkalling og saksliste**
- SR 18/17 Godkjenning av møteprotokoll frå førre møte**
- SR 19/17 Val av kyrkjestol**
- SR 20/17 Supplere diakoniutvalet**
- SR 99/17 Eventuelt**

SR 17/17 Godkjenning av innkalling og saksliste

Innkalling og saksliste vart sendt ut pr. e-post 7. september.

Vedtak: Soknerådet godkjenner innkalling og saksliste med ei ekstra sak til eventuelt.

SR 18/17 Godkjenning av møteprotokoll frå førre møte

Møteprotokollen vart sendt ut pr. e-post 7. september.

Vedtak: Soknerådet godkjenner møteprotokollen.

SR 19/17 Val av kyrkjestol

Saksutgreiing

Det skal søkjast om å få skifte

Kyrkje- og kyrkjegardsutvalet er innstilt på å gå vidare med stolen som har pute i ryggen, men det er litt skepsis i gruppa med tanke på kvalitet og komfort. For å gjere soknerådet ansvarleg i ei slik viktig sak vert saka lagt fram for soknerådet i å ta ei avgjersle i saka.

Vedtak: Soknerådet vil utsette saka til neste møte og innhente fleire tilbod på aktuelle stolar. Vi vil også innhente referansar frå dei som ha nytta «kirkestolen»

SR 20/17 Endringar i diakoniutvalet

Saksutgreiing

Som følge av permisjonen til Elisabeth Myrene vart Bjørg Vartdal Hareide leiar i to utval. Ho ber no om avløyning frå vervet som leiar i Diakoniutvalet.

Vedtak: Bjørg Vartdal Hareide får avløyning frå vervet som leiar i diakoniutvalet og soknerådet utfordrar Greta S.Goksøyr om å vere leiar for utvalet.

SR 21/17 Alive festival

Ole Markus Pilskog informerte om ein ny festival for ungdom som skal arrangerast på Sjøborg i Ulsteinvik i slutten av oktober. Dette er eit tverrkyrkjeleg arrangement. OMP har vore med i førebuingsfasa.

Vedtak: Soknerådet støttar arrangementet med kr.5000,- og vil informere om festivalen i aktuelle fora.

Barbro Landmark

Fungerande kyrkjeverje